

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

Dato	26.08.2022
Vår referanse	2022/69076-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

**Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjonssøknad til uttale - gjenreising av
lemstove - gnr 137 bnr 818 Alver kommune**

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regional kulturmiljømynde. Saka gjeld dispensasjon frå rekkefølgjekrav som gjeld gjenreising av lemstove innanfor same område som den tidlegare sto oppført.

Kulturminnefagleg vurdering

Denne søknaden er del av ein kompleks sak med lang historikk, der Vestland fylkeskommune har vore involvert. Denne historikken er det gitt ein god gjennomgang av i dispensasjonssøknaden. Ideelt sett, uavhengig av merkelappar som regional, nasjonal eller lokal kulturminneverdi, hadde vi sett at lemstova blei bevart i området der den sto. Vi er framleis av den oppfatning at lemstova saman med løa, utgjer eit viktig kulturmiljø og at desse bygga kunne utgjort eit positivt aktivum for skulen og lokalmiljøet elles. Men med dei premissa og momenta som no er gjeldande, ser vi at det er vanskeleg for Alver kommune å få gjenreist lemstova slik ein har lagt til grunn i gjeldande plan.

Alver kommune viser til at «dersom ein må prioritere mellom lemstova og løa, er kultureininga i kommunen, samt fagkyndige i fylkeskommunen og Museumssenteret i Hordaland samde i at løa bør prioriterast.» Det blir vidare vist til at midlar avsett til kulturminnevern i skuleprosjektet vert overført til eit prosjekt som omhandlar løa. Då under føresetnad av at det vert gjeve dispensasjon frå kravet om ei gjenreising av lemstova. Det at lemstova ikkje blir gjenreist forpliktar, slik vi ser det, til at ein ivaretak løa på staden og får ny bruk inn i denne.

Det er viktig å presisere at lemstova som bygningskategori og kulturminne er sterkt trua. Nær Frekhaug, på Krossneset, går det no snart tapt ei anna lemstove grunna vegbygginga der. Det er ynskjeleg at Alver kommune, i samband med det føreståande arbeidet med kulturmiljøplan, får kartlagt dei resterande lemstovene. Ein må legge føringar for korleis ein skal ta omsyn til denne viktige og sårbare kulturminnekategorien framover. Då både i seg sjølv, men også sett i samanheng med omkringliggende kulturmiljø.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune vil ikkje gå imot at lemstova ikkje blir gjenreist innanfor same område som den tidlegare sto oppført. Dette forpliktar, slik vi ser det, til at ein ivaretak løa på staden og får ny bruk inn i denne. Vi vil understreke at lemstovene er under sterkt press, og ber om at Alver kommune prioriterer ei kartlegging og verdivurdering av denne kulturminnekategorien i arbeidet med ny kulturminneplan.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Berit Vik
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Postadresse Postboks 7900 5020 Bergen	Telefon 05557	E-post post@vlfk.no	Heimeside www.vestlandfylke.no	EHF-Fakturaadr. 821311632	Organisasjonsnr. 821 311 632
--	-------------------------	-------------------------------	--	-------------------------------------	--

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift